

Saksprotokoll i Fylkesutvalet - 09.02.2021

Avrøysting

Innstillinga pkt.:1,2,3, og 5 vart samrøystes vedteke.

Innstillinga pkt 4 vart vedteke mot 6 røyster (H, Frp, FNB).

Innstilling

1. Fylkestinget tek saka om tiltak til oppfølgingstenesta til vitande.
2. Fylkestinget tek evalueringa av produksjonsskuletilboda i Vestland til vitande.
3. Hovudutval for opplæring og kompetanse viser til temaplanen «Fornye og forbetre auka gjennomføring» og ønskjer å vidareføre tilbodet med produksjonsskulen i Hardanger og SEFF- Florø. Desse tilboda er viktige for utsette elevgrupper og for å leggje til rette for auka gjennomføring.

Utvalet ber fylkesrådmannen, fylkesordførar og utvalsleiar jobbe inn mot departement / kunnskapsminister for å sikre statleg finansiering.

4. Hovudutval for opplæring og kompetanse syner til sluttrapporten for Hardanger produksjonsskule, der det vert peikt på ulike tiltak som kan sikre produksjonsskulane ei sterkare forankring som førebyggings- og tilbakeføringstiltak. Hovudutvalet vil særleg framheve desse forslaga:
 - Ein bør greie ut moglegheitene for å kunne søkje seg inn på produksjonsskule direkte frå ungdomsskulen
 - Ein bør greie ut korleis ungdomar som går på produksjonsskule kan behalde elevstatusen sin, utan at dei bruker av opplæringsretten sin.
 - Produksjonsskulen som tiltak bør lov- eller forskriftsfestast.
5. Bakgrunnen for prosjekta Hardanger produksjonsskule og SEFF - Florø er Riksrevisjonen si undersøking i 2012-2015 av om ungdom som har gjort avbrot i vidaregåande opplæring, får god nok oppfølging av oppfølgingstenesta og NAV. Vestland fylkeskommune har allereie samarbeid med NAV på ulike område. Avtale mellom OT og NAV skal etter planen vere ferdig i mars. Hovudutval for opplæring og kompetanse ber administrasjonen undersøkje moglegheitene for eit samarbeid med NAV om finansiering av Hardanger produksjonsskule og SEFF - Florø.